

Nye kontraktar for kompetansemekling i Møre og Romsdal 2026-2029

Møre og Romsdal fylkeskommune har inngått nye kontraktar for kompetansemekling for perioden 2026–2029. Målet er å styrke forskingsbasert innovasjon og omstilling i næringslivet i heile fylket.

PUBLISERT 18. MAI 2026



REGIONALE FORSKINGSFOND

MØRE OG ROMSDAL

Avtalane er tildelte innovasjonsselskapa ÅKP, Protomøre og Vindel, som skal dekke kvar si region: Sunnmøre, Romsdal og Nordmøre. Med kompetansemekling skal selskapa aktivt oppsøke og mobilisere bedrifter til auka bruk av forskning i innovasjonsarbeidet. Innovasjonsselskapa har peika ut ressurspersonar med høg kompetanse til å utføre kompetansemeklinga saman med fylkeskommunen.

– Desse kontraktane er viktige for å vidareutvikle eit kunnskapsbasert og framtidretta næringsliv i fylket. Med sterke miljø som ÅKP, Protomøre og Vindel på laget, står fylket godt rusta til å møte både teknologiske og grøne omstillingsbehov, seier Hilde Aspås, næringssjef i Møre og Romsdal fylkeskommune.

Kompetansemekling er eit sentralt verkemiddel for å styrke innovasjonsevna i næringslivet. Ordninga gir bedrifter rettleiing i utvikling av innovasjonsprosjekt og hjelp til å kople seg på relevante forskingsmiljø og finansieringsordningar.

Det siste året har kompetansemeklarar i Møre og Romsdal rettleidd nær 100 bedrifter i systematisk og forskingsbasert innovasjon. Dette har ført til ei rekke nye innovasjonsprosjekt med støtte frå regionale, nasjonale og europeiske verkemiddel, og vidare til utvikling av nye og banebrytande produkt og tenester. I tidlege fasar av innovasjonsarbeid er særleg regionale tilskotsordningar, som MobPro (fylkeskommunen si forprosjekt-ordning for forskingsbasert innovasjon i bedrifter) og kvalifiseringsprosjekt, viktige for oppstart og risikoreduksjon.

[Kontaktinformasjon til kompetansemeklarane ligg på mrfylke.no](#)

Meldinger ved utskriftstidspunkt 10. juni 2026, kl. 03.41 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.